

Jentene tar makta

10. februar 2007 · Flora Samfunnshus



07-FP-Jentene-tar-makta

2007

10. FEBRUAR

FLORA SAMFUNNSHUS

Frå arkivet

Jentene tek makta i Florø Rockeklubb

«Det er i alle fall ikkje noka ulempe å vere kvinne» Janne Linn Myren, ny leiar i Florø Rockeklubb

Jentene tek makta i Florø Rockeklubb FLORØ: Janne Linn Myren overtok onsdag leiарvervet i Florø Rockeklubb etter Tor Hjalte. Med Charlotte Nygård som NK og Line Sundal som økonomisjef er det kvinnene som no rockar i Florø.

Under styremøtet i Florø Rockeklubb onsdag trekte Tor Hjalte seg som leiar etter 8 år på topp. Janne Linn Myren, som er kjent som vokalist i «husbanda» Kasterøsa og i Pegasus, tek over som ny leiar. Dei vi har snakka med i miljøet er også veldig glade for at ho tok på seg vervet, noko som tyder på at det er ein person med breittillit som no går i bresjen. Jentetrio Charlotte Nygård har blitt ny nestleiar, og det skal nemnast at det akkurat var denne duoen som fronta Rockegallaen i Flora Samfunnshus fredag der økonomien i klubben kom i hus. Line Sundal held fram som økonomiansvarleg, og dermed har vi tre jenter som det rockar mest av i det til no mannsdominerte rockemiljøet i Florø. Kva skal du jobbe for som leiar i Florø Rockeklubb? Det blir å jobbe for eit variert livemusikk-tilbod i Florø. Det går ein hårfin balansegang mellom suksess og fiasko, så det er viktig med innspel frå publikum for å vere tryggare på kva vi hoppar på. Målet er å få fleire unge tent på livemusikk, samt at vi skal levere varene til det faste publikummet. Dristigare? Blir rockeklubben dristigare i val av artistar med deg som leiar? No er ikkje vi akkurat i posisjon til å vere dristige, men på sikt vil vi hake inn dei «hotte» namna. Det er ikkje tvil om at det er ei stor økonomisk utfordring å satse høgt, og vi er aturleg avgrensa då vi ikkje har eit stort studentmiljø. Men det er klart at vi ønsker å gjennomføre ein storkonsert igjen. I klubben jobbar vi mot konsertar der budsjetttramma er vaksen. «Cash is king» i dette gamet, og vi treng pengar på bok for å vere tøffe, men det skal vi bli, lovar ho. No er det ein jentetrio som styrer klubben. Er det ein fordel i denne bransjen? Det er i alle fall ikkje noka ulempe å vere jenter. Vi har gått i lære nokre år og vil alltid vere avhengige av samarbeid med dei som har trakka opp stiane i klubben uansett. I tillegg treng vi andre som ønskjer å engasjere seg for å skape eit betre livemusikkmiljø i Florø. No kjenner vi oss klare til å ta på oss større oppgåver. Om det vil bli ein suksess, vil tida vise, men vi gler oss, avsluttar ho. Janne Linn Myren

OM JENTENE TAR MAKTA

■ Janne Linn Myren (31) Sambuar med banksjef og trommis Trond Teigene. Dei bur på Plassen aust på Solheim i Florø og har sonen Henrik (2). ■ Ho er intensivsjukepleiar ved Førde Sentralsjukehus, ■ Har sete i styret i rockeklubben i fem år og er vokalist i banda Kasterósa Soul og Jazz og Kvintett og Pegasus. Ho syng med Eirik Molnes Husabø og Florø Storband og ulike andre lokale prosjekt. Fem beste konsertar 1: Sting, Oslo Spektrum 2: Steely Dan, Oslo Spektrum 3: Angelique Kidjo, Balejazz 4: Manu Dibango, Maijazz Stavanger 5: Brass Brothers, Flora Samfunnshus Fem beste Florø-konsertar 1: DeLillos 2: Thomas Dybdal/Vibeke Saugestad 3: Funkaholic 4: Soulslaves/Turbostipend 5: Morten Abell Fem beste album 1: The Police, «Synchronicity», 2: Steely Dan, «Royal Scam» 3: Marillion, «Clutching at straws» 4: Eva Cassidy, «Songbird» 5: Beedy Belle, «Cewbeagapic» Fem beste artistar: 1: Prince 2: Sting 3: Steely Dan 4: Eirik Molnes Husabø 5: Eva Cassidy Fem beste låtar 1: «Putting out fire (With gasoline)», David Bowie 2: «Morning Papers», Prince 3: «Did you forget», Eirik Molnes Husabø 4: «Wonderful World», Louis Armstrong 5: «Beat it», Michael Jackson



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 132.